





KTI-notat nr.: 35/2008 - Bakgrunn for vedtak

Søklar/sak:	Grøvla Kraftverk AS/Grøvla kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Førde		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.	
Sakshansamarar:	Katarina Eftevand og Erik Roland	Sign.:	
Dato:	22 DES 2008		
Vår ref.:	NVE 200701461 -9		
Sendes til:	Søklar og alle som har gjeve fråsegn til saka		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til bygging av Grøvla kraftverk i Førde kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhald

Samandrag	2
Søknad	4
Søklar sine kommentarar til fråsegner.....	15
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	17
NVE si vurdering etter vassressurslova.....	20
NVE sin konklusjon etter vassressurslova	23
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	24

Samandrag

Søknaden gjeld eit elvekraftverk som vil utnytte fallet i elva Grøvla mellom kote 459 og 120. Årleg middelproduksjon for kraftverket er utrekna til 8,0 GWh. Det er foreslått slepping av minstevassføring på 50 l/s gjennom heile året.

Søknaden vert handsama etter reglane i kap. 3 i vassressurslova. Søknaden gjeld også løyve til nødvendige elektriske installasjonar etter energilova. Kraftverket skal knytast til eksisterande 22 kV nett nordvest for Angedalen skule med jordkabel.

Tiltakshaver for prosjektet er Grøvla Kraftverk AS som er eit privat aksjeselskap der 100 % av fallrettane er representert.

Førde kommune er positive til utbygginga, men set krav til skånsame og terrengtilpassa inngrep og støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane aksepterer prosjektet, men under føresetnad av at det vert fastsett ei restvassføring som sikrar verdiar knytt til biologisk mangfald og den nedste fossen med fosserøyksone som landskapselement.

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt. Inntaksdammen må utformast slik at det visuelle inntrykket dempes. Av omsyn til landskap, kulturminne og støyforhold bør det vurderast å flytte kraftstasjonen oppover langs elva.

Statens Vegvesen har ingen merknader til kraftverket, men minner om at tiltak som medfører kryssing av fylkesvegen, også under brua, etablering av nye avkjørsle og ev. dispensasjon frå byggegrense må søkjast om på vanleg måte.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går ikkje mot å gje konsesjon, men av omsyn til det synlege fossefallet og fosserøyksone nedst i elva samt støy ved barneskulen er det viktig at kraftstasjonen vert plassert ovanfor fossen.

Sogn og Fjordane Turlag går ikkje mot utbygging, men av omsyn til Angedalen skule prioriterast ei plassering av kraftverket ovanfor den nedste fossen i Grøvla.

NVE har lagt vekt på at det er lokale grunn- og fallrettseigarar som vil få styrka næringsgrunnlaget gjennom ei ev. utbygging. Samstundes vil ei utbygging gje lokale entreprenørar oppdrag i anleggstida, og kommunen vil kunne få auka skatteinntekter.

Den omsøkte utbygginga vil i første rekke ha negativ verknad for opplevinga av den nedste, synlege fossen i Grøvla og det biologiske mangfaldet i fosserøyksone. NVE meiner at plassering av kraftstasjonen med utlaup ovanfor fossen er eit betre alternativ enn nede ved samlaupet med hovudelva Anga. Dette er ei løysing som vil redusere konfliktane knyta til landskap, fossesprøytsone, kulturminne og støy frå kraftverket.

NVE meiner at slukeevna til kraftverket kan aukast til 0,85 m³/s, då ulempene ved større vassuttak er akseptable ved den øvre stasjonsplasseringa. Produksjonen vert redusert med 1,4 GWh/ år om kraftstasjonen vert plassert med utlaup på kote 180 m.

For allmenne interesser er det NVE si vurdering at tiltaket vil ha avgrensa negative verknader dersom det vert sleppt sesongtilpassa minstevassføring heile året. Revegetering av mellombelse inngrepsområde vil avbøte nokon av dei øvrige negative verknadene av utbygginga.

Etter ei samla vurdering av planane og innkomne fråsegner, finn NVE at fordelane og nytten ved Grøvla kraftverk med utlaupet frå kraftstasjon ovanfor den nedste fossen i Grøvla er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

I medhald av vassressurslova § 8 vert det gitt løyve til bygging av Grøvla kraftverk på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Grøvla Kraftverk AS v/Oddgeir Kvamsås, datert 09.06.2006:

"Grøvla Kraftverk as ønskjer å nytte vassfallet i Grøvla i Førde kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. §8, om løyve til:
 - å bygge Grøvla kraftstasjon i Angedalen i Førde
 - å føre hovudelva inn i røyrgate frå inntak på kote 459 til kraftstasjon på kote 120, med utslepp til Grøvla
2. Etter energilova om løyve til:
 - bygging og drift av Grøvla kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden
3. Etter ureiningslova om løyve til:
 - gjennomføring av tiltaket..."

Frå utredninga av søknaden refererer vi følgjande:

"...2.1 Hovuddata for kraftverket

Nedbørfelt (km ²)	5,12
Middelvannføring (m ³ /s)	0,5
Alminnelig lavvannføring (m ³ /s)	0,049
Inntak på kote	459
Avløp på kote	120
Brutto fallhøyde (m)	339
Midlere energiekvivalent kWh/m ³	0,79
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	0,75
Slukeevne, min. (m ³ /s)	0,08
Tilløpsrør, diameter (mm)	700
Tilløpsrør/tunnel, lengde (m)	1170
Installert effekt, maks (kW)	2100
Brukstid (t)	3997
Produksjon, vinter (GWh)	2,8
Produksjon, sommer (GWh)	5,2
Produksjon, årlig middel	8,0
Utbyggingskostnad (mill.kr)	13,6
Utbyggingspris (kr/kWh)	1,7

Elektriske anlegg

Generator	Yting MVA	Spenning kV
	2,3	<0,69
Transformator	Yting MVA	Omsetning kV/kV
	2,4	<0,69/22
Kraftlinjer /kabel)	lengd	Nominell spenning kV
		24

...

Fråsegner til søknaden

Søknaden har vore kunngjort og sendt på høyring til kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen, berørte statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar. Høyringsuttalar har vore forelagt søkjar for kommentarer.

NVE har mottat desse fråsegnene til søknaden:

Førde kommune fatta følgjande vedtak i planutvalet 16.11.2006:

"Førde kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for bygging av Grøvla Kraftverk med dei merknader som går fram av saksutgreiinga."

Frå saksutgreiinga til rådmannen refererer vi vidare:

...

Kraftverket fell utanfor dei tiltaka som kan reknast som tilhøyrande til LNF-kategorien. I Miljødepartementet sin rettleiar om arealplanlegging heiter det at kraftverk som ikkje vert nytta som energikjelde i tradisjonell landbruksdrift vil vere i strid med LNF-kategorien - (T1382 s. 64).

Før kraftstasjonen eventuelt kan etablerast må det derfor vere gjeve dispensasjon (PBL §7) frå kommuneplanens arealdel.

...Rådmannen kan ikkje sjå at kraftverket, rørgata eller inntaksdammen vil føre til store konflikter i forhold til andre interesser. Heller ikkje ser kommunen det som konfliktfylt å byggje den 50 m lange vegen frå eksisterande landbruksveg til inntaket. Kommunen har også ei positiv haldning til at ressursane i området vert utnytta på ein god måte til gagn for dei 6 eigedomane i området som står bak søknaden.

For få år sidan vart det bygt ny gardsveg til bruka på Brunene. Herfrå går det skogsveg som dekkar det meste av den produktive skogen til desse bruka, og i tillegg er det traktorveg til Tjønnelandsstølen. Ei fylgje av dette vegnettet er at området kring Grøvla i aukande grad har vorte nytta som friluftsområde, både som reint turområde og for bær- og soppsanking. Angedalen skule gjer seg også i nokon mon nytte av nærområde langs Grøvla.

Den godt synlege fossen i nedre del av Grøvla spelar ei rolle ved vurdering av landskapsverdien, aller mest i sommarhalvåret. Vassføringa varierer naturleg gjennom året. Gjennom køyring av kraftstasjonen vil vassføringa verte påverka. Av omsyn til opplevingsverdien av Grøvla må minstevassføringa i elva ikkje vere mindre enn normal lågvassføring i sommarhalvåret.

Inntaksdam er i konsesjonssøknaden omtala som ein 40 m lang og 3-4 m høg betongdemning på kote 459. Det må vurderast ei utforming av denne demninga som glir best mogeleg inn i

terrenget, gjerne med stadlege dekkmassar for å redusere det visuelle inntrykket av naturinngrepet.

Ein 3-4 m høg damfront indikerer ein risikofaktor m.a. med usikker is på vassmagasinet bak demninga. Sikringstiltak er naudsynt.

Sjølve kraftstasjonen er tenkt plassert mellom Fv 481 og elva Anga. Peltonturbin gjev støy. Kjende støydempende tiltak må på plass.

Kommunen ser det som sjølvsaugt at det vert nytta jordkabel mellom kraftverket og nettstasjonen, både av omsyn til det visuelle inntrykket, og for å ikkje auke tale på moglege kollisjonspunkt mellom fugl og kraftline..."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalar i brev av 18.januar 2007:

"Vedtak

Fylkesmannen vurderer at utbygginga kan akseptast ut i frå allmenne interesser. Dette under føresetnad av at det vert fastsett ei restvassføring, som sikrar verdiar knytt til biologisk mangfald, og den nedre fossen som landskapselement. Med føresetnad om at støykrava vert oppfylt, vurderer vi tiltaket som lovleg etter ureiningslova. Tiltaket kan og akseptast i høve til lakse- og innlandsfiskelova.

...Til søkjar opplyser vi at fylkesmannen skal vurdere desse sakene i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfri naturområde, fisk) og friluftsliv. Vi vil også vurdere konsekvensar for landbruk. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi sakene i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Vurdering

Biologisk mangfald

Naturkartlegging utført av Aurland Naturverkstad viser at vassdraget har avgrensa variasjon i naturmiljø. Det påverka området vert i hovudsak prega av trivielle naturtypar der kulturpåverka skog (gran) og dyrka mark dominerer. Det er registrert ei fosserøyksone, verdsett til lokalt viktig (verdi C, i biologisk mangfaldsamanheng, jfr. DN handbok 13), som vil vere avhengig av dagens vassføring. Fossekall er ofte observert i elva ved næringssøk, det er og sannsynleg at fossekallen hekkar i tilknytning til elva. I rapporten frå Aurland Naturverkstad står det under moglege avbøtande tiltak: " Det vil vere viktig å oppretthalde ei minstevassføring i elva av omsyn til fossekall, vasslevande insekt og for å minske skaden på mosane i den registrerte fosserøyksona. "

Undersøkingar av miljøverknader av små kraftverk (FoU-prosjekt i NVE), viser at dei mest utsette artsgruppene ved utbygging av småkraftverk er lav, mosar og fugleartar knytt til vassdrag. Fosserøyksona er ikkje nærare undersøkt og bør kartleggjast. Potensialet for å finne raudlistearter i fossesprøytsoner er stort, og dette bør undersøkjast nærare av ein mosespesialist før eventuelt løyve vert gitt. Ut i frå "føre-var-prinsippet" er det uheldig å ta bort vassføringa, vi meiner difor at det må sleppast ei restvassføring heile året, tilpassa årstidsvariasjonane i vassføring. Slepping av ei minstevassføring vil redusere skaden på det biologiske mangfaldet ved ei utbygging, både når det gjeld fisk, fugl, insekt og planteliv.

Landskap

Den nedste fossen er godt synleg frå fylkesvegen og Angedalen skule som ligg like ved. For dei nedre områda vil vassmengda som går i fossen vere avgjerande for landskapsbildet. Avbøtande tiltak som minstevassføring, kan redusere dei negative verknadane monaleg. I tillegg til å vere eit viktig landskapselement er det registrert mosesamfunn og fossefall til nedre del av elva, som vil vere avhengig av god vassføring.

Konsesjonssøknaden gir i liten grad grunnlag for å vurdere effektar på landskapet av ulike storleikar på minstevassføring. Kor mykje vatn som må til for å gi fossen eit stort nok vassdekt areal eller "slør" er vanskeleg å vurdere. I konsesjonssøknaden er berekning av restfeltet for stort i forhold til det faktiske. I søknaden er restfeltet oppgitt til 2,5 km², etter vår berekning er restfeltet om lag 0,9 km². Eit restfelt på om lag 0,9 km² vil gi ei årleg middelvassføring kring 80 l/s, og ikkje 220 l/s slik det kjem fram av søknaden. Med tanke på biologisk mangfald, og verdien av fossen som landskapet, meiner vi at det bør sleppast meir vatn enn det som er foreslått dersom det gis konsesjon. Det bør fastsetjast ei restvassføring som sikrar verdiar knytt til biologisk mangfald, og fossen som eit viktig landskapselement.

Inntaksområdet ligg oppe til og er godt synleg frå traktorvegen inn til Tjønnelandsstølen. For å ta vare på landskap og naturmiljø i området bør utbyggar leggje stor vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at dei skjemmer minst mogeleg i landskapet. Vi vil tilrå at det vert nytta mest mogeleg naturstein i/ved inntaksdammen i staden for reine betongkonstruksjonar.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Det planlade inngrepet vil ikkje påverke naturområde som har status som inngrepsfrie (INON-områder).

Friluftsliv

Folk i lokalmiljøet nyttar området innanfor inntaket, frå stølsområdet og vidare innover til Løkane, til tradisjonelt friluftsliv (fotturar, skiturar, bærplukking, jakt og fiske). Sogn og Fjordane Turlag opplyser at bruken av området langs elva og vidare nordover er aukande, der viktige turmål er Tjønnelandstølen og fjelltoppen Krunene nordafor stølen. Vi viser elles til Sogn og Fjordane Turlag sin uttale om friluftsliv.

Konsekvensar for fisk og fiske

Det er aure i vassdraget, men på grunn av bratt terreng er det truleg lite fisk på den planlagde utbygde elvestrekninga. Den aktuelle elvestrekninga har grovt substrat og har truleg låg verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. Med tanke på fiskeinteressene synast tiltaket å få små konsekvensar. Ut i frå fisk og fiskeinteressene er tiltaket akseptabelt.

Ureining og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkte tiltak. Ut i frå føreliggjande opplysningar, og med føresetnad om at støykrava vert oppfylt, vurderer vi tiltaket som lovleg etter ureiningslova.

Det er bustadhus og skule like i nærleiken av den planlagde kraftstasjonen. Avstanden til næraste bustad er om lag 75 meter, og avstand til Angedalen skule er om lag 100 meter. Det bør difor leggjast stor vekt på støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen. Støynivået bør halde seg innanfor rettleiande grenser gitt av Statens forurensningstilsyn (SFT). I rettleiaren "Retningslinjer for begrensnig av støy fra industri m.v." TA-506 frå SFT, er grenseverdiene for bustadområde og område med undervisningslokale sett til 40 db(A). Dersom støyen omfattar

tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 db.

Vi går ut i frå at dersom det gis konsesjon, blir gjort støydempende tiltak. Dette er ein del av detalj prosjekteringa. Det er etter kvart mange innretningar for demping av støy, som; lydisolerande vindauge og dører, ventilasjon med lydfelle, gummigardin i avløpstunnel osv, sjå Rapport 10/2006 frå NVE om Støy i små kraftverk. Vi forventar at det ved ein eventuell konsesjon vert fastset tiltak for å halde støynivået innanfor rettleiande grensenivå. Dersom ikkje dette let seg gjere bør kraftstasjonen trekkjast lenger vekk frå busetnad og skuleområde.

Med bakgrunn i dette gjer fylkesmannen framlegg om følgjande vilkår etter ureiningslova §§ 11 og 16 ved ev. konsesjon:

Etter nærare pålegg/avgjerd frå fylkesmannen pliktar utbyggjar

- å utføre eller koste nødvendige tiltak for å hindre eller redusere verknaden av ureining og støy knytt til utbygginga, herunder endra krav til minstevassføring
- å koste heilt eller delvis oppfølgingsundersøkingar av vasskvalitet i vassdraget og støy frå kraftstasjonen

Landbruk

Redusert vassføring i den berørte elvestrekninga kan føre til at sjølvgjerdeeffekten vert redusert, noko som kan gje ulemper i høve til husdyrhald og beitebruk og resultere i auka kostnader med gjerdehald. Vi føreset at slike problemstillinga vert avklara med grunneigarar og lokale beitebruksinteresser i planleggingsfasen. Vi kan elles ikkje sjå at etableringa av kraftstasjon, røyrtrasé m.m. vil ha større negative konsekvensar for tradisjonelt jordbruk og skogbruk i området.

I ei tid med redusert inntening i tradisjonelt landbruk, er det viktig med satsing på nye næringar i bygdene. Som i dette tilfellet, der grunneigarane sjølve tek hand om utbygginga, kan kraftproduksjonen på sikt vere med på å sikre inntektsgrunnlag og busetjing. Vi har ikkje avgjerande merknader til tiltaket.

Samla vurdering

Fylkesmannen vurderer at utbygginga kan akseptast ut i frå allmenne interesser. Dette under føresetnad av at det vert fastsett ei restvassføring, som sikrar verdiar knytt til biologisk mangfald, og den nedre fossen som landskapselement. Med føresetnad om at støykrava vert oppfylt, vurderer vi tiltaket som lovleg etter ureiningslova. Tiltaket kan og akseptast i høve til lakse- og innlandsfiskeleva.

Det er bustadhus og skule like i nærleiken av den planlagde kraftstasjonen. Det bør difor leggjast stor vekt på støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen. Vi går ut i frå at dersom det gjeve konsesjon, blir gjort støydempende tiltak for å halde støynivået innanfor rettleiande grensenivå.

Ved ev. utbygging bør det leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjonen må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova."

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde slikt vedtak i fylkesutvalet 31.01.2007:

" ...

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.
2. Av omsyn til landskap, kulturminne og støyforhold bør det vurderast å flytte kraftstasjonen oppover langs elva. Alternativt bør det sleppast meir vatn frå inntaket om sommaren, minst 100 liter/sek og iverksettast nødvendige støydempande tiltak ved kraftstasjonen.
3. Det må vurderast å utforme inntaksdammen slik at den glir best mogleg inn i terrenget, gjerne med stadlege dekkmassar for å redusere det visuelle inntrykket av naturinngrepet. Det er naudsynt med sikringstiltak mot usikker is på vassmagasinet bak demninga. "

Frå saksframstillinga til fylkesrådmannen refererer vi følgjande:

"Kommunal arealplan. Fylkesdelplan for arealbruk

I arealdelen av kommuneplanen er området sett av til landbruk, natur og friluftsliv. I fylkesdelplan for arealbruk er området ikkje sett av til spesielle formål.

Samla plan for vassdrag

Prosjekt er handsama i forhold til Samla plan for vassdrag, og NVE har gitt klarsignal for at det kan søkjast konsesjon.

...4. KONSEKVEN SAR AV TILTAKET, EVT. AVBØTANDE TILTAK

Saksopplysningane nedanfor byggjer, med mindre anna er nemnt, på opplysningar i søknadsdokumenta.

Vassføring

Det er berekna at utnytting av samla vassføring til vasskraftproduksjon vil bli om lag 61% .

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima.

Det vil bli endringar i vasstemperaturen etter utbygging, men det er ikkje venta nemnande uheldige konsekvensar.

Grunnvatn, flaum og erosjon

Det er ikkje problem med erosjon eller flaum i elva før utbygging. Dei største flaumvassføringane vil bli lite påverka av utbygginga.

Biologisk mangfald og verneinteresser.

Kartlegging av miljøverdiar og evt. konsekvensar for desse er gjort av Aurland Naturverkstad BA. Tiltaket vil medføre ein vesentleg reduksjon i vassføringa i elva nedanfor inntaket. Dette vil kunne få konsekvensar for fossefall og mosesamfunn. Det er observert ei fosserøyksone med lokal verdi ved elva. Det er sagt i kartlegginga at den vil vere avhengig av dagens vassføring. Fossefallet vil bli negativt påverka, men minstevassføring kan redusere skaden. Den samla vurderinga av utbygginga går ut på at den vil få liten til middels negativ konsekvens.

Fisk og ferskvassbiologi

Utbyggingsstrekninga er bratt og har lita interesse i fiskesamanheng.

Landskap

Elva går på utbyggingsstrekninga dels i ei elvekløft. Lengst nede går elva gjennom bebyggt område. Det er ikkje venta nemnande konsekvensar.

Kulturminne

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det er ikkje venta konflikhtar med nyare tids kulturminne.

Landbruk

Utbygginga vil ikkje føre med seg nemnande ulemper for landbruk.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Flaumar og restvassføring vil ivareta resipientinteressene.

Brukarinteresser, ferdsel og friluftsliv

Det er ikkje venta nemnande ulemper.

Samfunnmessige verknader

Det lokale næringsgrunnlaget blir styrkt og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og anna lokal aktivitet. Det offentlege vil få skatteinntekter etter nokre år.

Avbøtande tiltak

Vegetasjonsdekket i rørtraseen skal takast vare på og reetablerast for å oppnå rask naturleg utsjånad. Som støydempende tiltak skal utløpskanalen dekkast med betongelement og det skal hengast opp gummimatter. Det er planlagt slepping av minstevassføring lik alminneleg lågvassføring 50 liter/sek heile året.

Det er vurdert ei alternativ utbyggingsløyising der minstevassføringa om sommaren vert auka til 100 liter/sek. Den årlege kraftproduksjonen vil med denne løysinga bli redusert med 0,4 GWh til 7,6 GWh og utbyggingsprisen vil bli 1,79 kr/kWh.

5. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 8,0 GWh/år. Kraftverket vil bidra til å sikre næringsgrunnlaget for gardsbruka i området. Angedalen skule og fleire bustadhus ligg i området ved den planlagde kraftstasjonen. Avstanden til næraste bustadhus er oppgitt til å bli 75 meter. Dette tilseier at støyforholda rundt kraftstasjonen må vurderast grundig. Avbøtande tiltak vil evt. vere å flytte kraftstasjonsbygningen oppover langs elva og/eller utføre støydempende tiltak.

Tjønnalandstølen har eit fint stølsmiljø, med fleire bygningar frå før 1900. I følge plan for vern av kulturminne i Førde kommune, er desse kategorisert i verneklasse C. Stølen ligg ovanfor inntaket til det planlagde kraftverket, så stølsområdet i seg sjølv vil ikkje bli direkte påverka av anlegget. Ved staden for planlagt kraftstasjon, på Tjønnaland, står det eit kvernhus i verneklasse B. Det betyr at det er verneverdig etter plan- og bygningslova, og har lokal verneverdi. Kvernhuset står på oppsida av vegen, medan kraftstasjonen er tenkt bygt på nedsida. I tillegg ligg det ei gamal steinbru kloss til brua som er i bruk i dag.

Generelt bør tiltaket i så stor grad som mogeleg ta omsyn til kulturminna som ligg i området. Tiltaket bør også ta omsyn til spor etter stølsdrift, ikkje berre stølsvollen og bygningane i seg sjølv, men også spor opp mot stølen, som stigar, steingardar, geiler osv.

Flytting av kraftstasjonen oppstrøms den nederste fossen i elva ville minimere konflikter ut frå landskapsmessige omsyn knytt til synleg fossefall, kulturminne og støy. Ei slik løysing bør vurderast. Alternativt må det sleppast meir vatn frå inntaket om sommaren og vurderast støydempende tiltak. I søknaden er det omtalt ei løysing der minstevassføringa om sommaren er sett til 100 liter/sek og der produksjonstapet er berekna til 0,4 GWh.

Det må setjast krav om oppfylling av tiltakshavar si undersøkingsplikt, j.f. § 9 i Lov om kulturminne, i eit konsesjonsvedtak. Kulturminneregistreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark og i god tid før tiltak i terrenget skal gjerast. Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist, skal dei handsamast i tråd med vanleg forvaltingspraksis for slike. Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, frå etter år 1537, blir råka av planlagde tiltak, så bør tiltaka justerast slik at kulturminna kan bli tekne vare på.

6. KONKLUSJON/TILRÅDNING

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt. Av omsyn til landskap, kulturminne og støyforhold bør det vurderast å flytte kraftstasjonen oppover langs elva. Alternativt bør det sleppast meir vatn frå inntaket om sommaren, minst 100 liter/sek, og iverksettast nødvendige støydempende tiltak ved kraftstasjonen.

Statens Vegvesen uttalar i brev av 19.10.2006:

"Statens vegvesen har ikkje merknader som går imot etablering av dette kraftverket. Kryssingar av fylkesvegen med luftspenn eller kryssingar med leidningar i grunnen her også under bru eller kulvert, må søkast om på vanleg måte. Skjema til dette finn de på www.vegvesen.no. Etablering av nye avkøyrsløp og/eller utvida bruk av eksisterande og evt. dispensasjon frå byggegrense (15 meter frå midtline veg) må også søkast om på vanleg måte."

Sunnfjord Energi AS uttalar i brev av 30.10.2006:

"...Det er registrert lønsamt kraftpotensiale i området som vil overgå nettkapasiteten. Det er for tidleg å seie kor stor del av potensiell effekt i Grøvla kraftverk som evt. kan knytast til.

Det vil bli gjort ei samla vurdering i området, der kvar produsent må ta sin forholdsmessige del av investering i utvida/nytt nett. Grøvla sin del av evt. opprustingskostnader er på noverande tidspunkt usikre.

Vi oppmodar eigar/ar av det planlagde kraftverket, når konsesjon evt. føreligg, om å ta kontakt med Sunnfjord Energi AS for å få informasjon om tekniske krav, tariffing og anleggsbidrag."

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane uttalar i brev av 07.11.2006:

"...Naturvernforbundet har desse merknadane til konsesjonssøknaden:

- 1. Naturkartlegginga er i dette tilfellet, som i mange andre liknande saker, i det vesentlege basert på tidlegare innsamla opplysningar som er tilgjengelege i ulike databasar. Rapporten byggjer òg på ei synfaring, men utan å undersøkje nærare kva artar som er å finne på lokalitetar som kan vere leveområde for sjeldne artar. Det er opplagt at dette inneber risiko for å oversjå innslag som kan vere viktige å ta omsyn til, fordi databasane sjølvstøtt er ufullstendige i område som er dårleg granska før.*

2. Dette tilseier å legge føre-var prinsippet til grunn for avgjerda i saka. I dette tilfellet gjeld det først og fremst den nedste fossen i elva. Elvegjel er ein spesiell naturtype, og generelt eksisterer det lite kunnskap om biologien i slike gjel. Miljørapporten opplyser at det er fossefall i nedre delen av Grøvla. Denne fuglen er ikkje ein truga art. Men med det omfanget vi nå ser i utbygginga av små kraftverk, er det all grunn til å tru at fuglen vert sjeldnare i mange område. I naturforvaltninga er det ikkje nok å bry seg om dei truga artane. Vi må òg ta omsyn til den typiske naturen, den vanlege, og sikre leveområde for dei vanlege artane, nettopp for å hindre at talet på raudlista artar vert større.
3. Den nedre fossen er eit viktig visuelt element i bygda og ligg like ved barneskulen. Det er den siste synlege fossen av ein viss storleik langs vegen gjennom bygda.
4. Dersom søkjaren får konsesjon til kraftverket, bed Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane om at kraftstasjonen vert flytta opp forbi den nedre fossen, like nordvest for første svingen i den gamle gardsvegen til Brunene. Dette gjev eit moderat falltap, men er av stor verdi for landskapsbiletet og rimelege omsyn til elvegelet, som det eksisterer lite biologisk kunnskap om, men som Aurland Naturverkstad har vurdert til å vere lokalt viktig for biologisk mangfald. Dersom fallrettseigarane får løyve til å tene pengar på elva, er det rimeleg at dei må ta omsyn til at fossen like ovanfor fylkesvegen er ein opplevingsverdi for mange andre. Også for å hindre sjenerande støy frå kraftverket like ved barneskulen, er det viktig å flytte stasjonen lenger opp i elva. Utbygginga er relativt billeg, og toler det moderate falltapet ved å flytte kraftstasjonen.
5. Vi vurderer det som lite tenleg å prøve å kompensere skadane på fossenaturen ved krav om minstevassføring. Det vil aldri kunne halde oppe fosserøyksone eller den visuelle verdien av ein naturleg varierende foss. Ei minstevassføring som monar, vil innebere eit atskilleg større produksjonstap enn å redusere fallhøgda noko.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går ikkje mot å gje konsesjon til Grøvla kraftverk AS, men på det vilkåret at kraftstasjonen vert plassert over den nedste fossen i elva, det vil seie ovanfor kote 150."

Sogn og Fjordane Turlag uttalar i brev av 01.11.2006:

"...Friluftsliv:

Folketalet i Førde er stadig aukande, mellom anna som følgje av stor innflytting, og friluftsområda i rundt Førde vert meir og meir brukte. I den nedre delen av Angedalen vert det fleire og fleire bustadfelt, og dette aukar meir og meir interessa for å bruke dalen for friluftsliv. Grøvla ligg berre nokre få km frå næraste bustadfelt, og bruken av området langs elva og vidare nordover er aukande. Viktige turmål, både til fots og på ski, er Tjønnelandstølen og fjelltoppen Krunene nordafor stølen. Turane kan starte frå Angedalsvegen like vest for der Grøvla renn ut i Anga, og følgje (traktor)vegen i slyng oppover, eller ein kan køyre bilvegen som tek av litt lenger nede i dalen, opp til omlag der vegen kryssar Grøvla, og parkere i det området. Så følgjer ein stølsvegen vidare oppover til fots eller på ski.

På turkart Indre Sunnfjord er turen til Krunene innteikna frå Kvålstølen litt lenger aust, men lokalkjende meiner at det er betre å gå langs Grøvla, og at den ruta no vert meir og meir brukt.

Området langs Grøvla vert brukt til friluftsliv både av folk frå dei sentrale delane av Førde, av folk som bur i Angedalen, og av Angedalen skule som ligg på motsett side av Anga, kloss ved Grøvla sitt utløp i Anga. Indre Sunnfjord Turlag har årlege fellesturar til Krunene.

Vi kjenner ikkje omfanget av bruken av området langs Grøvla til friluftsliv, men at "Utbyggingsområdet er lite brukt til friluftsliv." som det står på side 5 i konsesjonssøknaden, er feil!

Kommentarar til utbygginga:

Slukevna for kraftstasjonen varierer mellom 16 % og 150 % av gjennomsnittsvassføringa. Dette er ei ganske hard utbygging, men samstundes det som er vanleg for småkraftverk i dag.

Inntak: Eit neddemt areal på 1.800 m² er meir enn ønskjeleg, og det kan vere eit spørsmål om plasseringa av dammen er nøyaktig den rette. Eitersom den vesle synfaringa vår (p.g.a. været) ikkje omfatta inntaksområdet, har vi likevel ikkje grunnlag for å kome med framlegg til endringar, og vi ber NVE vurdere dette. Det er ønskjeleg at dammen vert gjort lite synleg i terrenget.

Rørgate: Det er positivt at heile røyrkata skal gravast ned.

Kraftstasjonen : Denne er tenkt plassert mellom elva og vegen, på austsida av Grøvla sitt utløp i Anga. Dette er like ved Angedalen skule og eit bustadhus som ligg på motsett side av Anga. Særleg nærleiken til skulen og leikeplassen utanfor, er uheldig, og gjer at det må stillast **ekstraordinært** store krav til støydemping av kraftstasjonen. Likevel må ein rekne med at støyen frå stasjonen vil høyrast godt, i alle fall på leikeplassen. Dette vert forsterka av at lyden frå fossen/stryka i den nedre delen av Grøvla meir eller mindre vil forsvinne (avhengig av storleiken på minstevassføringa), slik at "ulinga" frå kraftstasjonen ikkje vert "kamufisert". Vårt syn er at av omsyn til skulen, bør kraftstasjonen flyttast til ein stad lenger oppe ved elva.

Vegbygging og krafthinjer: Det er positivt med lite ny vegbygging og krafthinje i kabel!

Kommentarar til Verknadar for miljø, naturressursar og samfunn:

3.4. Biologisk mangfald og verneinteresser og 3.6. Flora og fauna: Ved den nedre fossen, er det ei fosserøyksone av lokal verdi. Det går ikkje fram av biologirapporten om det er spesielt verdfulle/sjeldne plantar i denne fosserøyksona. (Så vidt vi veit, krevst det grundige undersøkingar av folk med spesialkompetanse for å finne ut det.) Viss kraftstasjonen vert flytta oppover langs elva, vil ikkje den aktuelle fossen verte påverka av utbygginga.

3.5. Fisk og ferskvassbiologi: I følge konsekvensutgreiinga går det fisk frå Anga og oppover i den nedste delen av Grøvla.

3.7. Landskap: Fossane og stryka i den nedste delen av Grøvla er svært godt synlege frå vegen og frå Angedalen skule. Då vi var på synfaring, var vassføringa noko større enn vanleg p.g.a. regnet, og då vil vi seie at den nedste delen av Grøvla var heilt **dominerande** i landskapet både visuelt og p.g.a. lyden frå fossen! Viss ein går tur oppover vegen like vest for elva, er Grøvla til dels ein svært viktig del av landskapet. Ein spesielt fin stad er der denne vegen går heilt inntil den nedste fossen (den med fossesprøytsone). Elva er også viktig i landskapet når ein kryssar skogsvegbrua høgare oppe. I det området der ein går mest på tur, ovanfor der ein parkerer for å gå tur oppover mot Tjønnelandstølen og Krunene, er elva neppe like viktig, etter den informasjonen vi har fått. (Synfaringa vår gjekk ikkje lenger enn til brua.) Viktigast for friluftslivet er det området der vegen går nærast elva.

Vår vurdering er at utbygginga er **klårt** negativ for landskapet, særleg i den nedste delen. Den negative verknaden vert verre dess mindre minstevasføringa er. Med lita minstevasføring om sommaren og ingen minstevasføring resten av året, vil den låge vassføringa ha dobbelt negativ effekt: Den blir både negativ for landskapet, og fosseduren som kunne "kamouflert" noko av støyen frå kraftstasjonen, vert borte.

3.8. Kulturminner: Under vår vesle synfaring observerte vi 2 ganske viktige nyare tids kulturminne: Den gamle steinbrua mellom den nyare vegen og kraftstasjonen, og eit kvernhus lenger oppe. Det er ganske sikkert fleire. Vi meiner at kulturminne er kritikkverdig lite omtala i konsesjonssøknaden, og ber NVE vurdere å krevje tilleggsopplysningar frå utbyggaren.

3.11. Brukerinteresser: Det er ikkje berre folk i lokalmiljøet som nyttar området til friluftsliv.

Det gjer også folk frå heile den sentrale delen av Førde kommune.

Det vert hevda at støydempende tiltak "fører til at nærområdet til kraftverket fortsatt kan brukast til aktivitetar utan at desse vert gjort ringare av støy." Med utløpet frå kraftstasjonen så nær skulen og skulen sin leikeplass, stiller vi oss **sterkt** tvilande til denne påstanden! Størstedelen av skuleåret vil det etter konsesjonssøknaden ikkje sleppast minstevasføring. I denne perioden vil Grøvla vere på det næraste tørr, bortsett frå når det er mykje regn. Støyen frå Peltonturbinar er, etter det vi har fått opplyst, størst når kapasitetsutnyttinga er låg, d.v.s når det er tørt. Det er det hovudsakleg om vinteren når det ikkje er nok vassføring i Grøvla til å "kamufilere" litt av støyen. Ut frå det som står på første side i NVE sitt brev om konsesjonsfritak (Vedlegg 7), synest vi tilhøvet til skulen er **altfor** lite omtala i konsesjonssøknaden. Det er grunnen til at vi legg ein del vekt på det i vår fråsegn.

4. Avbøtande tiltak: I denne saka meiner vi at omsynet til Angedalen skule er viktigare enn omsynet til friluftslivet. Avbøtande tiltak vil ha positive verknader både for skulen og friluftslivet, men vi meiner altså at omsynet til skulen bør vege tyngst.

For skulen meiner vi at den nedste, svært godt både synlege og høyrbare delen av Grøvla er eit **viktig** landskapselement. Det er også viktig for folket i bygda generelt. Mellom dei innspela vi har fått, er at kraftstasjonen bør stengast av på spesielle dagar, til dømes 17. mai, slik at elva då kan renne som før. Ivaretaking av omsynet til landskapet kan skje på 2 alternative måtar:

1. Ved slepping av ei stor minstevasføring **heile** året. For skulen er stor vassføring like viktig i oktober, november og desember, som i september og slutten av august. Ei stor minstevasføring bør derfor vare heilt til ca. 20. desember. Seinare på vinteren er den naturlege vassføringa vanlegvis lægre, og då kan også minstevasføringa reduserast. Med ei stor vassføring om sommaren/hausten, meiner vi minst 200 l/sek. Så pass må til for at elva skal oppretthaldast som eit viktig landskapselement. Frå ca. 20. desember og utover vinteren kan minstevasføringa reduserast til alminnelig lågvassføring, 50 l/sek.
2. Ved flytting av kraftstasjonen til oppstrøms fossane/stryka som er synlege frå skulen. Nøyaktig kvar kraftstasjonen då skal plasserast, har vi ikkje vurdert skikkeleg, men truleg må den opp til ca. kote 195. Det betyr at brutto fallhøgda vert redusert frå 339 m til omlag 265 m. Dette er ein relativt betydeleg reduksjon, men for å motverke dette, kan krava til minstevasføring reduserast kraftig. Med omsyn til lyd, vil kraftstasjonen få ei **mykje** betre plassering. Utbygginga vil neppe påverke skulen noko som helst.

Alternativ 1 vil vere det beste for friluftslivet, og for kvernhuset oppe ved elva, medan alternativ 2 vil vere det beste for skulen og for andre almenne interesser knytte til skulen og området rundt. For alternativ 2 vil landskapet i nærområdet til skulen verte minimalt påverka, og støyen frå kraftstasjonen vil forsvinne. I tråd med at vi i dette tilfellet prioriterer omsynet til skulen

høgst, meiner vi at alternativ 2 er det beste. Inngrepa til veg til kraftstasjonen vil verte større for alternativ 2. Truleg må vegen gå frå skogsvegbrua og nedover til kraftstasjonen. Først langs nedkanten av jordet der (Brunekvia?), og så sørover mot kraftstasjonen. (I dette området må ein uansett ha ei midlertidig vegløyning i samband med legging av røyrkata.) Produksjonen, og dermed inntektene, vil verte ein del lågare, men investeringskostnaden vil også gå noko ned. Lønsemda vert dårlegare, men med god margin lønsam nok med dei kraftprisane som i dag er sannsynlege. Miljøgevinsten vert stor, særleg for skulen!

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Utbygginga er i klår konflikt med friluftsinntektene, men ikkje i så stor konflikt at vi ønskjer/finn godt nok grunnlag for å gå mot utbygginga. I dette tilfellet meiner vi at omsynet til Angedalen skule må vege tungt. Vi har med stor glede merka oss at skulen brukar både friluftsliv, og kultur knytt til mellom anna landbruket, aktivt i undervisinga. Sjå ein del om dette på skulen sine Internettsider www.angedalensskule.no/. (Dette er mellom dei beste grunnskuleInternettsidene vi har sett!) Dette gir oss ein ekstra grunn til å prioritere omsynet til skulen høgre enn Turlaget sine interesser. I valet mellom høg minstevassføring eller flytting av kraftstasjonen oppover langs elva, sjå ovanfor, prioriterer vi av omsyn til skulen det siste. (Låg minstevassføring berre om sommaren, og ingen flytting av kraftstasjonen, synest vi er uakseptabelt!)”

Søklar sine kommentarar til fråsegner

Søklar v/Sunnfjord Energi AS har i e-post av 13.04.2007 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

”... Utbyggar har vurdert minstevassføring i konsesjonssøknaden. Utbyggar kan akseptere ei minstevassføring lik forslaget frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, og som omtalt i konsesjonssøknaden, pkt. 4.1, på 100 l/s. Ein inkurie gjer at restfeltet ikkje vart endra til 1,06 km².

... Utbyggar ønskjer å heve slukeevna til 170 % av middelvassføringa i Grøvla. Berekna produksjon vert 8 GWh/år.

... I fråsegn frå Sogn og Fjordane Turlag har dei peika på kulturminne og omtalen av kulturminne i søknaden. Frå utbyggar er det opplyst at kvernhusa er bygd på 1800-talet. Utbyggar viser til at kvernhusa ikkje ligg på same side av elva som val av trase for røyrkata og desse vil difor ikkje kome i konflikt med kvarandre. Grunneigar er interessert i å ivareta dei gamle kvernhusa for å vise kva elva og vasskraft har vore brukt til både før og no.

Vegen til Angedalen vart ferdigbygd i 1823. Utbyggar meiner at det er grunn til å tru at den gamle brua over Grøvla vart bygd i samband med vegen.

Det er i fleire fråsegner teke opp problematikk rundt støy frå kraftverket og plassering av inntaket og kraftstasjonen. Utbyggar viser til at konsesjonssøknaden har omtala reduksjon av støy frå kraftverket slik at denne ikkje vert til sjenanse for nærmiljøet.”

Søklar v/Sunnfjord Energi AS har i e-post av 30.07.2007 kommentert framlegg om flytting av kraftstasjonen:

”Utbyggar viser og til at ved å flytte kraftstasjonen (korrigert fra ”inntaket” av NVE) lenger opp i elva – over synlig foss - vil ein både få problem med å plassere kraftstasjonen på grunn av

at det er bygd privat hus nær toppen av synleg foss i tillegg til at ein vil få ein sterkt redusert kraftproduksjon. Ein vil miste 1,4 GWh i årleg produksjon ved å flytte kraftstasjonen frå kote 120 til kote 180."

Søkjar v/Sunnfjord Energi AS har gjeve kommentarar etter sluttsynfaringa i brev av 14.04.2008:

"Det vart under sluttsynfaringa til Grøvla kraftverk bedt om at Sunnfjord Energi AS, som konsulent til utbyggarane, kan beskrive nærmare i detalj korleis utfordringa med støy frå kraftstasjonen kan løysast då kraftverket skal ligge berre 75 m frå Angedalen skule.

Støy frå kraftverk kjem i hovudsak frå to kjelder, generator og turbin, og er også påverka av rotasjonshastigheit på utstyret.

Turbinstøy kjem ut i friluft via avløpskanalen frå kraftverket. Ved å vinkle avløpet slik at det ikkje er rett linje mellom turbin og utløp kan ein redusere støyen. Eit veldig effektiv tiltak er å bygge ein vasslås slik at lyden må gå via vatnet. Dette reduserar lyden frå turbin til minimale verdiar. Skissa på vedlegg 1 viser korleis dette er løyst ved Sandalen kraftverk, og denne løysinga er den same som er tenkt brukt i Grøvla. Dette er lang meir effektivt eller gummimatter som heng ned frå taket frå avløpskanalen.

Generatorstøy er knytt til turtal og behov for bruk av vifter for fjerning av overskottsvarme. Generatoren i Grøvla blir vasskjølt, og det er difor ikkje behov for vifter for fjerning av varme. Turtalet blir også lågt 750, eller 1000 omdreiningar i minuttet. Bygget kan difor byggast tett, med tunge materialar, noko som er med på å avgrense støyen ytterligare.

Den 11/4 vart det utført støymalingar med utstyr lånt frå HMT kompetansesenter ved Sandalen kraftverk. Denne stasjonen har ein installert effekt på 2600 kW, medan den omsøkte stasjonen på Grøvla vil ha 2100 kW. Målingane viste at det inne i stasjonshallen var 85 dBA. På utsida av porten inn til kraftverket (5cm frå veggen) var det 63 dBA. Dette vil bli oppfatta som ein 1/4 av lyden inne i kraftstasjonen. Vanleg samtale mellom personar har eit lydnivå på rundt 65 dB. 5m frå portane var lydnivået 60 dBA. 75 m frå kraftstasjonen var bakgrunnsstøyen lik om ein målte mot kraftverket eller alle andre vegar, 45 dBA. I område rundt elva og vassstrengen var det støyen frå elva som er dominerande, langs elva var det 70 dBA.

Vi meiner difor at dersom ein legg stasjonen på omsøkt plass ved Anga og vel dei tekniske løysingane som er brukt ved Sandalen kraftverk vil ein ikkje kunne høyre kraftstasjonen ved skulen. 45 dBA som var målt 75 m frå kraftverket blir oppfatta som stille.

Grøvla kraftverk vil elles bli bygd etter anbefalinga gitt i NVE rapport "Støy i små kraftverk" oppdragsrapport 10/2006.

Vassføring under synfaringa:

Vassføringa under synfaringa vart anslått til ca 100 l/s. Ei provisorisk måling vha. volum/tid ved brua der traktorvegen kryssar elva gir ei vassføring mellom 30-50 l/s etter synfaringa. Vi meiner at denne vassføringa er tilstrekkelig til å ivareta det visuelle opplevinga av fossen."

Søkjar v/Sunnfjord Energi AS har i brev av 16.09.2008 gjeve supplerande opplysningar om hydrologi og produksjon ved alternativ for slukeevne og slipp av minstevannføring:

"...

- 1. 5- persentil sommar og vinter i Grøvla er berekna til 0,109 m³/s for sommarsesongen og 0,056 m³/s for vintersesongen.*

2. Med 170 % slukeevne blir produksjonen 8,34 GWh. Med 5-persentilen som minstevassføring blir produksjonen redusert til 7,8 GWh. Det blir ca. 10 dagar mindre overløp pr. år dersom slukeevna blir auka til 170 % på eit middels år.

<i>Ant dager :</i>	<i>> max slukeevne</i>	<i>< min slukeevne</i>	<i>År</i>
<i>Vått år</i>	115	49	1967
<i>Middels år</i>	51	1	1997
<i>Tørt år</i>	29	108	1996

3. Med 150 % som slukeevne blir produksjonen 8 GWh. Dersom ein legg til grunn 5-persentil som minstevassføring, blir produksjonen redusert til 7,45 GWh.

<i>Ant dager :</i>	<i>> max slukeevne</i>	<i>< min slukeevne</i>	<i>År</i>
<i>Vått år</i>	131	44	1967
<i>Middels år</i>	62	0	1997
<i>Tørt år</i>	41	98	1996

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjer

Grøvla Kraftverk AS er eit privat aksjeselskap der 100 % av fallrettane er representert. Føremålet med prosjektet er å utnytte vassressursen i Grøvla for å styrkje næringsgrunnlag og busetnad i lokalsamfunnet.

Om søknaden

Det vert søkt om løyve etter vassressurslova § 8 for bygging og drift av Grøvla kraftverk.

Omtale av området og eksisterande inngrep i vassdraget

Utbyggingsområdet ligg i Angedalen i Førde kommune. Angedalen er eit dalføre med bratte fjellsider, hengande sidedalar og innsorne botnar. Grøvla er ei av dei største sideelvane på nordsida av Anga som renn ut i Jølstra ved ovanfor Førde sentrum. Vasskillet til nedbørfeltet følgjer fjellryggene mellom Rimmane, Blåfjellet (1067 moh.), Krunene (1066 moh.) og Tjønna fjell (642 moh.). Elva renn bratt i mange stryk og fleire fossar før elva flatar ut dei siste metrane før åmøtet med Anga. Grøvla har fleire plassar greve seg ned gjennom morenedekket til grunnfjellet. Berggrunnen er næringsfattige og seintvitrande gneisar. Fluviale avsetningar finnast på sørsida av elva nede ved samlaupet med Anga.

Langs Grøvla er det skogsveg til Tjønnelandsstølen. I lisida langs med elva er det tett blandingskog med nokre større granplantefelt. Ved nedre del av fallstrekninga er det busetnad knytt til jordbruksdrift samt skule, vegar og kraftlinjer. Området er noko brukt til børsanking og tradisjonelt friluftsliv.

Teknisk plan

Inntak

Det vert bygd ein betongdam om lag 3- 4 meter høg og 40 m lang på tvers av elvelaupet på kote 459 med overlaup til eksisterande elv. Dammen vert vidare utstyrt med bjelkestengsel for utspyling av sand og grus. Inntaksmagasinet får eit volum på 3000 m³ medan neddemt areal vert om lag 1800 m².

Inntaksarrangement vert lagt på austsida av elvelaupet og bygd under bakkenivå med stengeventil og varegrind. Oppstraums inntaket må ein reinske elvelaupet og elvekant for stein og lausmassar. Terrenget inn til inntaksdammen vert arrondert med stadleg masse for å dempe ned sjølve betongkonstruksjonen.

Vassveg

Frå inntaket vert driftsvatnet ført i eit 1170 m langt tillaupsrøyr (glasfiberarmerte GUP-røyr/duktile støypejernsrøyr) med diameter 700 mm til kraftstasjonen. Røyrret skal gravast ned på austsida av Grøvla.

Kraftstasjon

Kraftstasjon er i søknaden plassert på kote 120 på austsida av Grøvla ved samlaupet med hovudelva Anga. Bygningen får ei grunnflate på om lag 90 m² og ei mønehøgde på 6,5 m. Det vert montert ein Pelton turbin med største slukeevne på 0,75 m³/s og installert effekt på 2,1 MW. Minste slukeevne vert 0,08 m³/s. Søkjar har i kommentarane til fråsegnene bedd om å få auke den største slukeevna til 0,85 m³/s.

Elektriske anlegg

Kraftverket vert utført som eit lågspenninganlegg med generatorspenning på 690 V. Det skal tilknyttast eksisterande 23 kV-nett med ein om lag 150 m lang jordkabel via ei bru over Anga til nettstasjonen nordvest for Angedalen skule.

Veg

Det er berre behov for ein kort atkomstveg på ca. 50 m frå skogs-/støylsveg ned til inntaket.

Massetak og deponi

Det vert ikkje behov for massetak eller deponi. Omfyllingsmassar for tilløpsrøyrret blir tilkøyrst og ev. overskotemassar frå røyrgrøfta blir planert innafør røyrtraseen.

Hydrologiske verknader

Grøvla har eit lite, høgtliggende nedbørfelt. Avrenninga er konsentrert til sommarhalvåret med snøsmelting og hausten i periodar med mykje nedbør. Vassføringa i elva varierer sterkt i takt med nedbør og temperatur og er naturleg låg frå slutten av november til april og i tørre periodar. Middelvassføring er rekna til 0,50 m³/s og alminneleg lågvassføring til 49 l/s. 5-persentil vassføring er rekna til 109 l/s og 56 l/s, høvesvis sommar og vinter. Tilsiget frå restfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen er rekna til 130 l/s (endra frå 220 l/s i søknaden).

Søkjar har foreslått å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring heile året. Utbygginga vil over året redusere vassføringa med om lag 60 % nedanfor inntaket. Om ein aukar slukeevna til kraftverket til 170 % av middelvassføringa, vert ca. 65 % av vatnet over året fråført elva øvst på utbyggingsstrekninga.

Produksjon og kostnader

Produksjonen er for eit midlare år rekna til 8,0 GWh fordelt på 65 % sommarkraft og 35 % vinterkraft. Kostnaden vert 13,6 mill. kr med prisnivå 2006 som gjev ein utbyggingspris på kr 1,70/kWh. Med ei auka slukeevne i kraftverket er produksjonen rekna til 8,3 GWh. Utover at det må påreknast prisstigning, kan NVE ikkje sjå at produksjon og kostnader avvik vesentleg frå det som er vanleg for slike utbyggingar. Det vil likevel vere søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda i prosjektet.

Arealbruk og eigedomsforhold

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige anlegg på til saman 17 dekar medan det permanente behovet er 3 dekar. Areal og fallrettar som vert påverka av utbygginga, er eigd av interessentane i prosjektet.

Forholdet til offentlege planar

Samla plan for vassdrag

Prosjektet er handsama i forhold til Samla plan. I brev av 17.01.2005 godkjente NVE unntak frå Samla plan for Grøvla kraftverk.

Verneplan for vassdrag eller andre verneplanar

Utbygginga vil ikkje påverke verna vassdrag eller andre verneområde. Det same gjeld for inngrepsfrie naturområde.

Nasjonale laksevassdrag

Det er ikkje anadrom fisk i Grøvla.

Kommuneplan

Arealet som vert påverka har status som LNF-område.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden har vore handsama etter reglen i kap.3 i vassressursloven. Den har vore kunngjort i lokal avis og sendt på høyring til offentlege etatar og interesseorganisasjonar. NVE har synfart utbyggingsområdet 15.04.2008 saman med representantar frå søkjar, grunneigarar, Sogn og Fjordane Turlag, Sogn og Fjordane Bondelag og Sunnfjord Energi AS. Nedanfor er det gjeve ei oppsummering av dei innkomne høyringsuttalane:

Førde kommune er positive til utbygginga, men set krav til skånsame og terrengtilpassa inngrep og støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane aksepterer prosjektet, men under føresetnad av at det vert fastsett ei restvassføring som sikrar verdiar knytt til biologisk mangfald og den nedste fossen med fosserøyksone som landskapselement.

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget

lokalt. Inntaksdammen må utformast slik at det visuelle inntrykket dempes. Av omsyn til landskap, kulturminne og støyforhold bør det vurderast å flytte kraftstasjonen oppover langs elva. Alternativt bør det sleppast meir vatn frå inntaket om sommaren enn søkjar har føresett og settast i verk naudsynte støydempande tiltak ved kraftstasjonen. Det kan være naudsynt med sikringstiltak mot usikker is på vassmagasinet bak demninga.

Statens Vegvesen har ingen merknader til kraftverket, men minner om at tiltak som medfører kryssing av fylkesvegen, også under brua, etablering av nye avkjørsle og ev. dispensasjon frå byggegrense må søkjast om på vanleg måte.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går ikkje mot å gje konsesjon, men av omsyn til det synlege fossefallet og fosserøyksona nedst i elva samt støy ved barneskulen er det viktig at kraftstasjonen vert plassert ovanfor fossen.

Sogn og Fjordane Turlag går ikkje mot utbygging, men av omsyn til Angedalen skule prioriterast ei plassering av kraftverket ovanfor den nedste fossen i Grøvla.

Tiltaket sine verknader – fordelar og skader/ulempar

Av fordelar med tiltaket legg NVE vekt på at:

- utbygging vil gje ca. 8 GWh i ny, årleg produksjon
- tiltaket vil bidra til å styrke næringsgrunnlaget for grunneigarane
- tiltaket kan bidra til å oppretthalde lokal busetting og verdiskaping.

Ulemper er knytt til:

- fraføring av vatn i store delar av året på utbyggingsstrekninga
- påverknad på naturmiljø i og rundt elva og oppleving av den synlege fossen ovanfor fylkesvegen.
- plassering av kraftstasjon i nærleiken av Angedalen skule og andre busetnader

NVE si vurdering etter vassressurslova

Ingen av høyringspartane går klart imot utbygging, men fleire peikar på at den nedste, synlege fossen i Grøvla er eit lokalt viktig landskapselement og at plassering av kraftstasjonen nær Angedalen skule kan være uheldig. Spesielt er det vist til at det er naudsynt med støydemping av stasjonen.

Naturvernforbundet og Turlaget meiner at flytting av kraftstasjonen til ovanfor den nedste, synlege fossen i Grøvla kan vere eit betre alternativ enn plassering ved samlaupet med hovudelva Anga. Fylkeskommunen nemner også dette som ei løysing som vil redusere konfliktane knyta til landskap, fossesprøytzone, kulturminne og støy frå kraftverket. Søkjar meiner at avbøtande tiltak som minstevassføring og støydemping vil gje ei akseptabel avbøting på ulempene. Produksjonen vert redusert med 1,4 GWh viss kraftstasjonen vert plassert med utlaup på kote 180 m.

I kommentarane til fråsegnene har søkjar bedd om å få auke slukeevna frå 150 til 170 % av middelvassføringa. Både verdiar er vanlege for slukeevne i småkraftverk i bratte elvar på Vestlandet som har fått konsesjon dei siste åra.

NVE meiner at plasseringa av kraftstasjonen ved Anga er konfliktfylt i høve til biologisk mangfald, landskapsoppleving og nærmiljø til Angedalen skule. Etter vårt syn må ein vurdere om alternativet

med plassering oppstrøms den nedste fossen i Grøvla er ei betre løysing. Det som er avgjerande for om det kan gis konsesjon etter vassressurslova, er om ulempene ved alternativa ev. med auka slukeevne, kan avbøtast med tiltak.

Hydrologi/avrenning

Kraftverket er i søknaden planlagt med ei største slukeevne på 0,75 m³/s (150 % av middelvassføringa), noko som gjev overlaup over dammen i om lag to månader av året i eit år med midlare avrenning. Om slukeevna vert auka til 0,85 m³/s (170 % av middelvassføringa), vil tida med overlaup reduserast med 10 dagar. Overløpsperiodane vil vere i samband med snøsmeltinga om våren og elles i året i regnvêr og ev. med snøsmelting. Køyning av kraftstasjonen vil såleis fråføre ein vesentleg del av vatnet på den 1,2 km lange utbyggingsstrekninga og endre vassføringsvariasjonane i stor grad. Minste produksjonsvassføring gjennom turbinen er 0,08 m³/s. Om lag 35-40 % av vassmengda vert attende i elva etter utbygginga.

Då nedbørfeltet ikkje har innsjøar eller myrområde av noko særleg omfang, skjer avrenninga svært raskt med skarpe flaumar. Desse vert lite påverka av utbygginga. Fråføringa av vatn vil etter vår vurdering heller ikkje påverke grunnvatn på ein måte som gjev negative verknader for jordsmonn og vegetasjon på overflata.

Ei auka slukeevne i kraftverket er etter vår meining ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet, då det berre er eit fåtall dagar i året dette vil merkast. Etter NVE sitt syn vil storleik på minstevassføringa ha vesentlig større påverknad i høve til verknader for ålmenta slik planane ligg føre.

Biologisk mangfald

Aurland Naturverkstad har gjort registreringa av biologisk mangfald, og det er registrert ein liten lokalitet med fosserøyksone av lokal verdi ved den nedste av dei tre fossane på den planlagde utbyggingsstrekkinga. Fossen går ned i ei gryte der veggane er dekt med fuktelskande mosar, mellom anna fleire arter av levermosar og bladmosar. Desse ikkje er kartlagde med omsyn til sjeldne eller truga arter. I samandraget til rapporten frå undesøkinga skriv Aurland Naturverkstad at fosserøyksona vil vere avhengig av dagens vassføring.

Registreringa av biologisk mangfald viser at vassdraget elles har avgrensa variasjon i naturmiljø. Det påverka området utanom elvestrengen er i hovudsak prega av trivielle naturtypar der kulturpåverka skog og dyrka mark dominerer. Fossekallen nyttar elva til næringssøk, og det er sannsynleg at arten hekker i eller langsmed elva.

Fylkesmannen, Naturvernforbundet og Turlaget saknar undersøking av vegetasjonen i fosserøyksona. Førstnemnte peikar i sin uttale på at potensialet for å finne rødlisteartar i fosserøyksoner er stort og at vegetasjonen i fosserøyksona ved den nedste fossen kan vere avhengig av dagens vassføring. Ut frå "føre-var-prinsippet" er det etter fylkesmannens syn såleis uheldig å ta bort vassføringa.

NVE meiner at registreringa av biologisk mangfald viser at det kan vere potensiale for å finne rødlista arter i fosserøyksona sjøl om lokaliteten berre har lokal verdi. Fosserøykvegetasjon er ein vegetasjonstype som er truga på nasjonalt nivå, og bygging av småkraftverk utgjer den største trugselen. Vegetasjonstypen er særleg sårbar for endringar i vassføringa.

Etter NVEs syn vil ei plassering av kraftstasjonen ved samlaupet med Anga ha negative verknader i høve til biologisk mangfald. For å avbøte ulempa ved ei utbygging måtte det sleppast ei svært høg minstevassføring av omsyn til vegetasjonen i fosserøyksona, noko som vil redusere kraftproduksjon monaleg. Ved å bygge kraftstasjonen med utlaup oppstrøms den nedste fossen i Grøvla vert det

naturleg vassføring og fukt til vegetasjonen i fosserøyksona. Dette minskar ulempene ved ei utbygging.

NVE meiner at dei negative verknadene for biologisk mangfald utanom fosserøyksona kan avbøtast i tilstrekkeleg grad ved å sleppe ei sesongtilpassa minstevassføring.

Landskap og friluftsliv

Fleire fråseegner nemner at den nedste fossen i Grøvla er eit lokalt viktig landskapselement, særleg i sommerhalvåret, som er godt synleg frå fylkesvegen og Angedalen skule. Influensområdet og utbyggingsstrekka elles er synleg frå traktorvegen inn til Tjønnelandsstølen.

Kommunen skriv i sin uttale at området kring Grøvla i aukande grad har vorte nytta som friluftsområde og at skulen i nokon mon gjer seg nytte av nærområda langs elva. Turlaget nemner at området er brukt til tradisjonelt friluftsliv og då hovudsakleg av lokal befolkning. Tjønnelandsstølen og fjelltoppen Krunene er dei viktigaste turmåla.

Etter NVEs syn vil plasseringa av kraftstasjonen ved Grøvla sitt samlaup med Anga gjere at opplevinga av fossen og elvestryka frå fylkesvegen og skulen vert kraftig redusert utanom flaumperiodane. Høg minstevassføring, særleg om sommaren, er avgjerande for å ivareta landskapselementet som har lokal verdi.

Om kraftstasjonen flyttast oppstraums fossen, vil landskapsbiletet på den nedste del av Grøvla vere uendra, noko som NVE meiner er svært viktig for nærmiljøet til skulen og dei som ferdast langs elva. Ei ulempe ved dette alternativet er at det må byggast ein ca. 250 m lang atkomstveg til kraftstasjonen.

Bygging av inntaksdam, nedgravd røyrgate, atkomstveg til inntaket og kraftstasjon ovanfor den nedste fossen i Grøvla vert akseptable inngrep etter NVE si oppfatning, men inntaksdammen må kamuflerast i det opne landskapet. Utbygginga vil medføre stor anleggsaktivitet med terrenginngrep, maskinarbeid og mellombels lagring av byggemateriell og grave-/fyllmassar og såleis ha ei viss negativ konsekvens i byggefasen.

NVE meiner at verknadene for landskap og friluftsliv elles vil vere moderate om det vert sleppt sesongtilpassa minstevassføring forbi inntaket heile året.

Vilkår om merking av usikker is inngår som standardvilkår ved ein ev. konsesjon.

Naturvern/Inngrepsfri område (INON)

Tiltaksområdet er allereie påverka av veger og kraftlinjer. Utbygginga vil derfor ikkje påverke INON-areal eller andre areal som har spesiell verdi i høve til naturvern.

Fisk

Grøvla har ein god bestand av småfallen aure nedanfor den nedste fossen. Det er truleg lite fisk elles på utbyggingsstrekka grunna bratt terreng og grovt substrat av låg verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. Verknadene av utbygginga vert difor avgrensa for fisk.

Kulturminne

Fylkeskommunen skriv i sin uttale at det står eit kvernhus som har lokal verneverdi (verneklasse B) på oppsida av vegen ved staden for planlagt kraftstasjon ved Tjønnaland. Frå fylkeskommunen er det peika på at det ikkje føreligg registreringar om automatisk freda kulturminner. Dei set krav til at det vert gjennomført undersøkingar av kulturminne som ledd i tiltakshavar si undersøkingsplikt etter § 9 i kulturminnelova i god tid før tiltaket vert sett i verk.

NVE meiner at undersøkingar av kulturminne kan gjerast før oppstart av anleggsarbeid og vil sjå til at dette er gjort før det vert gjeve løyve til ev. oppstart av byggearbeidet.

Støy

Fleire høringsparter nemner at støy frå kraftstasjonen kan vere ei ulempe for nærmiljøet ved Angedalen skule og bustader i det opne landskapet kring Grøvla sitt samlaup med Anga. Dei meiner at flytting av kraftstasjonen til ovanfor den nedste, synlege fossen i Grøvla kan vere eit betre alternativ enn den omsøkte plasseringa i høve til støy. Fylkesmannen forventer at det ved ein ev. konsesjon vert fastset tiltak for å halde støynivået innanfor rettleiande grensenivå som er 40 dB i ei avstand på 75-100 m frå stasjonen. Det er elles gjeve framlegg om vilkår etter ureiningslova §§ 11 og 16. Søkjar syner til målingar ved Sanddalen kraftverk i Jølster og meiner at støydempande tiltak som bruk av vasskjølt generator, vasslås, tunge materialer og vinkling av avløpskanalen vil gje minimal støy frå kraftstasjonen.

NVE meiner at dei nemnte tiltaka vil dempe støyen monaleg frå kraftstasjonen slik den er planlagt nede ved Anga. Etter NVE si vurdering vil plassering av stasjonen ovanfor den nedste fossen i Grøvla likevel vere eit betre alternativ i høve til støy då færre bustader ligg i nærleiken. Det skogkledde terrenget kan òg nyttast til å dempe støyen frå kraftstasjonen.

Andre forhold

NVE er ikkje kjend med at planlagt utbygging vil vere til skade eller ulempe for andre allmenne interesser enn det som er drøfta ovanfor.

Oppsummering

Grøvla kraftverk vil med auka slukeevne gje ein ny årleg produksjon på ca 8,3 GWh. Det er lokale grunn- og fallrettseigarar som vil få styrka næringsgrunnlaget gjennom ei ev. utbygging. Samstundes vil ei utbygging gje lokale enterprenørar oppdrag i anleggstida, og kommunen vil kunne få auka skatteinntekter.

Den omsøkte utbygginga vil i første rekke ha negativ verknad for opplevinga av den nedste, synlege fossen i Grøvla og det biologiske mangfaldet i fosserøyksona. NVE meiner at plassering av kraftstasjonen med utlaup ovanfor fossen er eit betre alternativ enn nede ved samlaupet med hovudelva Anga. Dette er ei løysing som vil redusere konfliktane knyta til landskap, fossesprøytsone, kulturminne og støy frå kraftverket.

NVE meiner at slukeevna til kraftverket kan aukast til 0,85 m³/s, då ulempene ved større vassuttak er akseptable ved den øvre stasjonsplasseringa. Produksjonen vert redusert med 1,4 GWh/år om kraftstasjonen vert plassert med utlaup på kote 180 m.

For allmenne interesser er det NVE si vurdering at tiltaket vil ha avgrensa negative verknader dersom det vert sleppt, sesongtilpassa minstevassføring heile året. Revegetering av mellombelse inngrepsområde vil avbøte nokon av dei øvrige negative verknadene av utbygginga.

NVE sin konklusjon etter vassressurslova

Etter ei samla vurdering av det omsøkte prosjektet og innkomne fråsegner, finn NVE at fordelane med bygging av Grøvla kraftverk med utlaupet frå kraftstasjon ovanfor den nedste fossen i Grøvla er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Av omsyn til allmenne interesser skal det fastsetjast ei minstevassføring forbi inntaket.

I medhald av vassressurslova § 8 vert det gitt løyve til bygging av Grøvla kraftverk på nærare fastsette vilkår.

Løyve etter energilova

Det er lagt fram planer om installasjon av elektrisk høgspenitanlegg og nedgraving av ein ca. 150 m lang kabel med spenning på 23 kV frå kraftstasjonen og fram til eksisterande linjenett, som er eigd av Sunnfjord Energi AS. Ved plassering av kraftstasjonen på kote 180 aukar kabellengda til ca. 400 m.

Verknadene av linjetilknytninga inngår i NVE si samla vurdering av prosjektet og er ikkje avgjerande for spørsmålet om konsesjon. Sunnfjord Energi AS er områdekonsesjonær i det aktuelle nettområdet og skal stå for bygging og drift av det elektriske anlegget. NVE finn det ikkje naudsynt med eigen anleggskonsesjon etter energilova for bygging og drift av elektrisk anlegg.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Slepping av minstevassføring

Maksimal slukeevne i kraftverket er foreslått auka frå 0,75 m³/s til 0,85 m³/s, medan minste produksjonsvassføring gjennom turbinen er 0,08 m³/s. Ved inntaket er alminneleg lågvassføring rekna til 49 l/s og 5-persentil vassføring til 109 l/s og 56 l/s, høvesvis sommar og vinter.

I søknaden var det primært foreslått slepp av minstevassføring på 50 l/s gjennom heile året, alternativt auka til 100 l/s frå 1. mai til om med 30. september. Fylkesmannen føresett at det av omsyn til biologisk mangfald blir sett vilkår om høgare minstevassføring enn det var søkt om. I andre fråsegn til søknaden er det peika på som viktig at det skal sleppast ei monaleg minstevassføring av omsyn til natur og landskapsbilete på utbyggingsstrekka.

Ut frå prinsippet om at ein ved kraftutbyggingar bør unngå å tørrelegge elvestrekningar av omsyn til at rennande vatn er sentralt i dei fleste naturmiljø, meiner NVE at det må sleppast ei minstevassføring forbi inntaksdammen heile året. Etter vårt syn vil ei tilsigsavhengig minstevassføring saman med tidvis tilsig frå restfeltet sikre ei minimumsvassføring for å ivareta biologisk mangfald.

På bakgrunn av dette fastsett NVE ei minstevassføring på 100 l/s i tida 1. mai til 30. september. Resten av året skal det sleppast ei minstevassføring på 50 l/s.

Dette, saman med ei lågare fallhøgde, vil redusere produksjonen til om lag 6,5 GWh/år. Utbyggingsprisen aukar til ca. 2,10 kr/kWh med prisnivå 2006.

Ved inntaksdammen skal det etableres måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

NVE skal godkjenne detaljplanane for utbygging og aktuelle planar for mellom anna inntak, dam, veg, røyrgatetrasé og bygging av kraftstasjon med utlaup ovanfor den nedste fossen i Grøvla må sendast til NVE sitt regionkontor i Førde for godkjenning av NVE før arbeidet blir sett i gang. NVE vil føre tilsyn med utbygginga og sjå til at anlegget gjennom detaljplanlegging og utbygging blir etablert i samsvar med krav etter post 4 om at det landskapsarkitektoniske og økologiske resultatet skal bli best mogleg.

Etablering av kraftverket og røyrgetraseen vil i utbyggingsperioden medføre sår i terrenget. Ved detaljplanlegging og gjennomføring av utbygginga vil det såleis vere viktig å legge vekt på at varige spor i terrenget skal avgrensast mest mogleg.

Røyrgata skal være graven ned så sant ikkje NVE godkjenn anna av miljømessige omsyn. Detaljplanane skal vise at kraftstasjonen blir bygd og drifta med tilstrekkeleg støydemping.

Vi syner elles til post 6 i vilkåra. Det vert ikkje gjeve løyve til oppstart av anleggsarbeida før tilhøvet til kulturminnelova vert avklara.

Post 5: Naturforvaltning

Standard vilkår for naturforvaltning er med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må være relatert til skader som tiltaket fører med seg og stå i eit rimeleg forhold til størrelse på tiltaket og verknader som det fører med seg.

Post 6: Automatisk fredete kulturminner

Fylkeskommunen sett krav til at det vert gjennomført kulturminneundersøkingar som ledd i tiltakshavar si undersøkingsplikt etter § 9 i kulturminnelova i god tid før tiltaket vert sett i verk.

Andre merknader

Forholdet til plan- og bygningslova

Etter "Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" er saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritakne for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdelen til kommuneplanen eller gjeldande reguleringsplanar.

Utbyggingsområdet til Grøvla kraftverk ligg i LNF-område, og det må avklarast med kommunen kva ein søknad om dispensasjon frå arealdelen skal innehalde, jf. uttale frå kommunen.

Forholdet til ureiningslova

Fylkesmannen har ikkje innvendingar til prosjektet i høve til ureiningslova, men kjem med forslag til vilkår etter denne lova. NVE har ikkje styringsrett etter ureiningslova, og søkjar må derfor søkje særskilt til fylkesmannen om naudsynte løyver for anleggsperioden.

Med føresetnad om at støykrava vert oppfylt, blir tiltaket vurdert som lovleg etter ureiningslova av fylkesmannen.

Forholdet til lakse- og innlandsfiskelova

Fylkesmannen aksepterer tiltaket i høve til lakse- og innlandsfiskelova.

Forholdet til veglova

Vi minner om uttalen frå Statens vegvesen om krav til søknad for naudsynte avkøyrslar etc. Dette lyt avklarast direkte med dei.